



Til
Luster kommune
Postboks 77
6866 Gaupne
E-post: postmottak@luster.kommune.no

Innspel til områdeplan for Hafslo sentrum, melding om oppstart av planarbeid Plan-id 2020004 i Luster kommune

Vi syner til varsel om start av områderegulering for Hafslo sentrum, melding om oppstart av planarbeid Plan-id 2020004 i Luster kommune. Det er utarbeidd eit planprogram som plan- og forvaltningsstyret i sak 59/2020 har vedteke lagt ut til offentleg ettersyn, med høyringsfrist 3.desember 2020.

Hafslo Idrettslag har tidlegare kome med innspel til områdeplan for Hafslo sentrum, jf. vedlagde e-post 25.06.2020. Vi spelte mellom anna inn følgjande:

«Når det skal utarbeidast ein områdeplan for Hafslo, bør det derfor leggst til rette for å få realisert ein fleirbrukshall på Hafslo. Vi håpar derfor Luster kommune regulerer areal til dette føremålet. Eit slikt anlegg vil ikkje berre kome idrettslaget til gode, men vil vere viktig for skule, barnehage og alle andre lag/organisasjonar i bygda.»

Vi registrerer at verken fleirbrukshall eller andre anlegg for idrett og aktivitet er nemnt særskilt i planprogrammet som er lagt ut til offentleg ettersyn, og er skuffa over dette. Vi ønskjer derfor å kome med eit nytt utfyllande innspel om kvifor vi meiner det er viktig å sette av areal i Hafslo sentrum til både fleirbrukshall og eventuelt andre anlegg for idrett og aktivitet i ein områdeplan for Hafslo sentrum.

Plangrunnlag i Hafslo Idrettslag

I Hafslo Idrettslag sin Handlingsplan 2019 – 2022¹, er eitt av hovudmåla å tilby idrettsaktivitet for alle og utvikle gode idrettsanlegg.

På årsmøtet i Hafslo IL i februar 2019, vart det vedteke ny anleggsplan for perioden 2019-2022². Eitt av anlegga Hafslo IL ønskjer å få realisert, er fleirbrukshall på Hafslo. Eit slikt anlegg bør ligge sentralt på Hafslo og i nærleik til skulen. På side 10, 11 og 12 i anleggsplanen står følgjande om eit slikt anlegg:

¹ <https://hafslø-il.no/wp-content/uploads/2019/03/HIL-HANDLINGSPLAN-2019-2022-endeleg-31.01.19.pdf>

² <https://hafslø-il.no/wp-content/uploads/2020/09/HIL-ANLEGGSPPLAN-2019-2022-endeleg-m.-endingar-etter-%C3%A5rsm%C3%B8te-07.02.2019.pdf>

«6. Fleirbrukshall Hafslo. Det er frå fotballgruppa si side ytra ynskje om at Hafslo IL skal arbeide for å realisere ein fleirbrukshall på Hafslo. Eit anlegg som dette vil kunne realiserast innanfor ei kostnadsramme på 16-18 mill. kr, dersom ein har tilgjengeleg areal. Grunnarbeid kjem i tillegg. Fleirbrukshallar bør vidare etablerast i nærleiken av skular. Då dette er eit forholdsvis stort prosjekt, rår styret i Hafslo IL til at ein prøver å realisere eit slikt anlegg gjennom politisk arbeid. Prosjektet er for stort til at Hafslo IL kan vera anleggseigar åleine.»

DET ER BEHOV FOR EIN SLIK FLEIRBRUKSHALL PÅ HAFSLO GRUNNA STOR AUKE I FOLKETAL OG BORN SIDAN NOVERANDE SAMFUNNSBYGG VART REALISERT. IDRETTLAGET TRENG TRENINGSAREAL PÅ VINTERSTID. DÅ DETTE ER EIT FORHOLDSVIS STORT PROSJEKT, RÅR STYRET I HAFSLO IL TIL AT EIN PRØVER Å REALISERE EIT SLIKT ANLEGG GJENNOM DIALOG MED KOMMUNEN OG GJENNOM POLITISK ARBEID. PROSJEKTET ER FOR STORT TIL AT HAFSLO IL KAN VERA ANLEGGSEIGAR ÅLEINE. ØNSKJER LIKEVEL Å FÅ ANLEGGET INN I PLANEN, SLIK AT EIN KAN ARBEIDE VIDARE MED PLANANE I KOMANDE PLANPERIODE.

Fleirbrukshall på Hafslo ligg også inne i den kommunale planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 - 2032³.

Kvifor det er viktig med anlegg for idrett og aktivitet i Hafslo sentrum

Hafslo idrettslag har stor aktivitet, og er opptekne av at det vert lagt til rette for idrettsaktivitet i bygda, og særskilt for born og unge. Vi har allereie ei flott kunstgrasbane i sentrum, og det er stor aktivitet på dette anlegget både i skuletida og gjennom organisert og uorganisert aktivitet på ettermiddag/kveldstid. Området ved skulen, inkludert kunstgrasbana, er vorte ein populær sosial samlingsstad for både born og unge og for andre på ettermiddag/kveldstid.

Det som har vore ei stor utfordring i mange år, er tilstrekkeleg med innandørs areal for idrett og aktivitet på vinterstid. Gymsalen i Samfunnsbygget er det stort press på, og er mellom anna for liten til at det kan spelast handballkampar og innandørs fotballkampar på vinterstid. Sjølv om dette kan løysast ved å nytte anlegg i Gaupne og i Sogndal til organisert aktivitet på vinterstid, er det ikkje tvilsamt at den uorganiserte aktiviteten, som kanskje er minst like viktig som den organiserte, ikkje er mogleg å få til i vinterhalvåret utan at ein har anlegg for dette i nærleiken.

Gymsalen har også vist seg å vere for liten i samband med enkelte lokale arrangement, og dette skuldast i stor grad den store auken i folketalet på Hafslo dei siste åra. Med fleire nye bustadfelt på Hafslo, er det grunn til å tru at folketalet også vil auke på Hafslo i åra som kjem. Gymsalen vert også relativt ofte nytta til andre arrangement/samlingar/møte, noko som medfører at idrettsaktivitet i gymsalen i slike tilfelle må vike.

Under bakgrunn og føremål med planarbeidet for områdeplan for Hafslo sentrum står følgjande:

³ <http://www.luster.kommune.no/getfile.php/4678310.1686.7qzlwncauptjut/Handlingspl+2020-2023ord.anl.pr+16.apr+2020.pdf>

«Føremålet med planarbeidet kan definerast som eit arbeid der ein vil leggje til rette for betre utvikling av både næring og bustad i Hafslo sentrum, der også tiltak knytt til etablering av sosiale møteplassar og fysisk aktivitet skal inngå i vurderingane. Dette vert viktige element i stad- og landskapsanalysen.»

Ein fleirbrukshall i Hafslo sentrum vil utvilsamt legge til rette for auka fysisk aktivitet, og verte ein viktig sosial møteplass for born og unge og andre lag/organisasjonar på Hafslo. Ein fleirbrukshall vil gjere det mogleg med auka fysisk aktivitet, men også andre kulturelle arrangement som konsertar mm. Det er også viktig at ein slik fleirbrukshall ligg i nærleiken til skule og barnehage, slik at den kan nyttast aktivt også av desse institusjonane på dagtid.

Vi registrerer at kommunen er opptekne av å knytte saman bustadområde med sentrumsnære tenester. I planprogrammet står følgjande:

«Det vil vere ei styrke for sentrum om ein klarar å binde sentrum til desse bustadområda. Som ein del av områdeplanen bør ein sjå på mulege løysingar for samanbinding mellom sentrum og buområda for at sentrum skal bli attraktivt for dei omkringliggjande buområdene.»

Vi meiner at anlegg for idrettsaktivitet og å etablere sosiale møtepunkt er svært viktig for dei som etablerer seg i bustadområda i nærleiken til Hafslo sentrum. Ikkje minst for born og unge i bygda vår. Ein fleirbrukshall i Hafslo sentrum vil etter vårt syn vere attraktivt for dei omkringliggjande buområda.

Hafslo Idrettslag har ikkje noko klar mening om kor ein fleirbrukshall i Hafslo sentrum bør opprettast. Men den bør oppførast i nærleiken til skule- og barnehage, og allereie eksisterande idrettsanlegg i sentrum. Det er fleire areal innanfor planområdet som kan vere aktuelle.

Hafslo Idrettslag forventar at fleirbrukshall på Hafslo vert vurdert og lagt inn i det vidare arbeidet med områdereguleringsplan for Hafslo sentrum.

Andre innspel

Vi registrerer at planområdet er strekt utover sentrumsområdet mot Hafslo kyrkje. I denne samanhengen vil Hafslo Idrettslag påpeike at Luster kommune bør sette i verk tiltak som sikrar trafikktryggleiken med gang/sykkelveg langs Hafslovegen heile vegen utover til idrettsanlegget vårt i Moane. Sjølv om det berre er deler av Hafslovegen som er omfatta av dette planprogrammet, bør Luster kommune vurdere å sette i verk eit planarbeid som sikrar trygg og sikker ferdsel langs heile Hafslovegen utover mot Hafslo stadion i Moane.

Hafslo 02.12.2020

Ove Midtbø
Leiar Hafslo IL
Tlf. 41375655

Luster Sparebank 

 **AVERY
DENNISON NTP**

 **INTERSPORT®**
SOGNDAL